

Samnanger sokn

- Avsender: Samnanger sokn
- Høringsinstans: Kirkelig fellesråd og menighetsråd med fellesrådsfunksjoner
- Ønsker å ta stilling til høringen: **JA**

Avgitte svar

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn

jf. kap. [6](#), [8](#), [18](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Om det skal vera ei felles lov, må det vera eit eige kapittel som omhandlar Dnk, då folkekyrkja er i ei særstilling og har både oppgåver og organisering som er ulik andre trussamfunn.

2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene

jf. [kap. 7](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det er viktig at staten anerkjenner at det er positivt å ha trus- og livssynssamfunn i landet vårt.

3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn"

jf. [kap. 7](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☐ Ikke viktig
☒ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det er viktig at det vert peika på at denne definisjonen ikkje er ein uttømande definisjon for verksemda til trus- og livssynssamfunna i Noreg.

4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves

jf. [kap. 18](#) og §§ [2](#) og [3](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Me treng eit system for å få melding om nyfødde born av kyrkje-medlemer, slik at dei kan inviterast inn til dåp. Me får ikkje lenger melding frå sjukehuset, og må bruka «tilhørige» i kyrkjeregisteret til dette. Det er kanskje endå viktigare for trussamfunn der det berre er dåp/innmelding for vaksne. Dei vil då missa høve til å kunna invitera inn born av medlemer til trusopplæringstiltak el. liknande.

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år

jf. [kap. 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det talet er altfor høgt, og bør ikkje vera høgare enn 100. Om alderskravet til teljande medlemer vert 15 år, bør det vera endå lågare. (75)

6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap

jf. [kap. 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det er ein føresetnad at minstekravet vert sett ned (sjå spørsmål 5.), slik at ein ikkje tvingar fram samanslåingar av trussamfunn berre av økonomiske grunnar.

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller

jf. [kap 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

*Kven skal definera desse tilfella?
Uavklart her.*

8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselfrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

jf. [kap. 7](#) og [19](#) og [§§ 3](#) og [4](#)

forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke

jf. [kap. 13](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Detta underkjenner born si tru og den plassen born har i eit trussamfunn. Ein viktig del av oppgåvene i mange trussamfunn, er å driva trusopplæring. Det er ofte store kostnader knytt til denne opplæringa, så det vil vera naturleg at det også skal følgja midlar med for medlemer under 15 år.

11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Om disse satsane berre skal fylgja det statlege tilskotet, er vel avhengig av kva finansieringsordning som vert vald for Den norske kyrkja.

12. Tilskudd til investeringer av Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Me meiner det ikkje bør stå «før 1900». Dette er eit vilkårleg tal, som kan verka førande for tilskot til investeringar til kyrkjer. Tilskot til investeringar til kyrkjebygg, bør gjevast etter behov, det gjeld både for Dnk og andre trus-samfunn. Det at det vert investert i ei kyrkje, må ikkje ha noko å seia for tilskotet til andre trussamfunn i kommunen. Dei bør heller få tilskot til sine bygg når dei har trong for det.

13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet

jf. [kap. 15](#) og [§ 6](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten

jf. [kap. 17](#) og [§ 7](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☐ Viktig ☐ Ikke viktig ☒ Ingen oppfatning	

17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete

jf. [kap. 17](#) og [§ 7](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ Enig ☐ Uenig	☐ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Uklart spørsmål. Er det EITT fylkesmannsembete som er meint? Eller der det eit FYLKESMANNSEMBETE i motsetning til at fylkesmannen sjølv skal avgjera det? I det sistnemnde er me samde.</i>

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven

jf. [kap. 8](#) og [§§ 8 – 16](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Sjå kommentar til sp. 1

19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse

jf. [kap. 8](#) og [§§ 10 og 11](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Når kyrkjemøtet skal kunna fastsetja oppgåvene til soknet og endra på dei som dei ynskjer, vil det undergrava den sjølvstendige stillinga soknet har no. Det vil vera å øydeleggja den maktbalansen som no er mellom soknet og toppleiinga, og leggja all makt i toppen – med delegering til sokna. Det er viktig at soknet kan styra i sin lokale kyrkjelyd, og tilsetja dei som skal arbeida i soknet. Dei rettslege, økonomiske og organisatoriske konsekvensane er ikkje vurderte for ei så stor endring. Lokale erfaringar tilseier: Beheld ein den organiseringa og tilknytninga soknet har til kommunane, vil det vera fatalt for økonomitilskotet til kyrkja at det ikkje ligg inne føringar i lova på kva oppgåver soknet har og kva kommunane skal løyva midlar til.

20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg

jf. [kap. 8](#) og [§ 13](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Skal ein med dette t.d. ta bort heile det ansvaret staten har for å finansiera verneverdige bygg? Skal ein også ta bort forvaltningsansvaret soknet har for bygga? Kva med kommunalt ansvar for vedlikehald av kyrkjer? Skal kommunane løyva pengar til vedlikehald, kan ikkje det

vera på grunnlag av eit vedtak i kyrkjerådet.

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentlighetsloven og arkivloven skal gjelde for kirken

jf. [kap. 8](#) og [§ 16](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det viktige her er at me er opne og ryddige i måten me forvaltar oppgåvene våre som kyrkje, ikkje kven som bestemmer at me skal vera det.

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent

jf. [kap. 10](#) og [§ 12](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Dette spørsmålet må handsamast meir prinsipielt og overordna enn i eit slikt notat. Det kan få store konsekvensar, om ein går inn på ei slik ordning no. Både kyrkjemøte og storting har tidlegare avvist at det skal vera ein slik kontingent. Det var og eit av punkta i kyrkjeforliket i 2008. Om det vert opna for ei slik avgift i den nye lova, vil det rokka ved viktige prinsipp for folkekyrkja. Ho skal vera gratis for medlemane. Frivillige gjevartenester er noko heilt anna.

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres

jf. [kap. 8](#) og [§ 9](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det er grunnleggjande at desse «bestemmelsane» vert vidareført. Me meiner også at §9 og §10 i høyringsframlegget, er for mangelfulle. Sjå også kommentar på pkt 19 og 20. Det bør vera fleira vedtekter som skildrar identiteten, ansvaret, rettane og oppgåvene til soknet, elles vil det svekka soknet

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre, eller b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke?

jf. [kap. 9](#) og [§ 12](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

Hvor viktig er dette?

Eventuell kommentar

☐ a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre.

☐ b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke.

☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Me meiner at her burde det vore eit alternativ C: Kommunen har framleis økonomisk ansvar for kyrkjebygga og gravplassane, medan staten gjennom kyrkja sentralt tek ansvar for finansiering av løner til tilsette, trusopplæring og kontorhald. (Fordelinga hindrar likevel ikkje at det kan gjevast ekstra statlege tilskot til verneverdige bygg.) På denne måten kan dei kommunane som ynskje behalda alle sine lokale kyrkjer, ta dei kostnadane. Det er tett lokal tilknytning til mange av kyrkjebygga. Men kyrkja vil likevel vera meir fleksibel i å kunna organisera seg på ein måte som gjev større einingar enn eit sokn, når det gjeld personal, lønn, rekneskap osv. Ho vil også enklare kunna gå over frå to til ei arbeidsgjevarline. Skal kyrkja som no finansierast for ein stor del gjennom kommunane, er ein avhengig å halda oppe dei kommunale kyrkje-einingane for å behalda betalingsviljen. Det legg sterke band på organisering av kyrkja, og ein vil ha for små eittsokns-kommunar og gjerne einingar som er altfor store i byane. Kjem lønsmidlane frå «toppen», vil ein kunna organiserast t.d. i høveleg store prostieiningar over heile landet.

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

jf. [kap. 19](#)
forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

jf. [kap. 22](#)

forslag til endringer i gravferdsloven § 23 (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Undersøkingar har vist at folk er svært nøgde med korleis kyrkja stettar desse oppgåvene. Me har tillit til at ho framleis kan gje eit godt tilbod til både dei som er medlemmer og dei som høyrer til andre trussamfunn eller ingen av delane. Her gjer kyrkja eit forvaltningsarbeid for kommunen/ staten og då må det ha forankring i den nye lova.</i>

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

jf. [kap. 22](#)

forslag til endringer i gravferdsloven § 23 (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ Enig ☒ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Me reagerer sterkt på at det her vert kommunen og fylkesmannen som kan ta frå soknet gravplassansvaret. Det kan gjevast høve til å overføra heile gravplassansvaret til kommunen, men då må det vera ei semje og avtale mellom soknet og kommunen, evt. med godkjenning frå fylkesmannen om det er naudsynt. Konsekvensane dette får for eigedomstilhøve, må også greiast ut.</i>

28. Det ansvaret bispedømmerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24

jf. [kap. 22](#)

forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Kommentarer

1. Det er avgrensande og leiande for svara med eit skjema det du får eit val mellom nokre alternativ. Det burde vore fleire alternativ – her er mange avgjerder alt teke når skjemaet vart laga. 2. Me kjenner også på at store prinsipielle spørsmål burde vore oppe til avgjerd hjå kyrkja sentralt før ein byrjar med detaljane. Td. er det grunnleggjande kva finansieringsordning ein har, når ein svarar på fleire av spørsmåla. Ligg ansvaret for finansiering hjå kommunane, er det svært viktig at dette ansvaret er definert i den nye lova. Når me får midlar til budsjett, er det på grunnlag av kva lova seier om kva oppgåver me har og kva kommunen skal finansiera. Fell dette bort, kan me gløyma å få midlar nok til å driva lokalkyrkje i framtida. Skal finansieringa koma frå toppen, er det meir naturleg at fleire retningslinjer er laga av kyrkjemøtet. Då må me stola på at det vert laga ein fordelingsnøkkel som også tek omsyn til at det er dyrare å driva kyrkje pr. person i eit lite sokn, enn i eit stort. Ser ein på dagens fordeling av trusopplæringsmidlar, lovar det ikkje godt i så måte. 3. Det som er viktig når ny lov skal lagast, er å sjå til at soknet si stilling ikkje vert svekka. Det framlegget som no ligg føre, endrar dramatisk på soknet si stilling i høve til toppleiinga i kyrkja. Er det det me vil, og har me oversikt over konsekvensane? 4. Skjemaet burde også vore på nynorsk. 1. Det er avgrensande og leiande for svara med eit skjema det du får eit val mellom nokre alternativ. Det burde vore fleire alternativ – her er mange avgjerder alt teke når skjemaet vart laga. 2. Me kjenner også på at store prinsipielle spørsmål burde vore oppe til avgjerd hjå kyrkja sentralt før ein byrjar med detaljane. Td. er det grunnleggjande kva finansieringsordning ein har, når ein svarar på fleire av spørsmåla. Ligg ansvaret for finansiering hjå kommunane, er det svært viktig at dette ansvaret er definert i den nye lova. Når me får midlar til budsjett, er det på grunnlag av kva lova seier om kva oppgåver me har og kva kommunen skal finansiera. Fell dette bort, kan me gløyma å få midlar nok til å driva lokalkyrkje i framtida. Skal finansieringa koma frå toppen, er det meir naturleg at fleire retningslinjer er laga av kyrkjemøtet. Då må me stola på at det vert laga ein fordelingsnøkkel som også tek omsyn til at det er dyrare å driva kyrkje pr. person i eit lite sokn, enn i eit stort. Ser ein på dagens fordeling av trusopplæringsmidlar, lovar det ikkje godt i så måte. 3. Det som er viktig når ny lov skal lagast, er å sjå til at soknet si stilling ikkje vert svekka. Det framlegget som no ligg føre, endrar dramatisk på soknet si stilling i høve til toppleiinga i kyrkja. Er det det me vil, og har me oversikt over konsekvensane? 4. Skjemaet burde også vore på nynorsk.